



**SØR-FRON
KOMMUNE**

Den grønne kulturbygda

Teieplikt og samtykke

Teieplikt betyr at tilsette som jobber med barn, ungdommar eller familiar ikkje kan dele personlig informasjon du deler med dei, vidare til andre.

Teieplikta vernar om retten til personvern og er eit viktig grunnlag for tillit mellom barnet/ungdommen/familien og offentleg tilsette. God dialog og trygg relasjon bygger vidare på denne tilliten.

Nokre gonger treng tilsette å snakke saman for å kunne gje så god og rett hjelp som mogleg. Da trengs samtykke frå føresette. Det skal vere godt informert kva samtykke gjeld, det skal vere frivillig og fortrinnsvis skriftleg. (Sjå [samtykkeskjema for tverrfagleg samhandling](#)).



**SØR-FRON
KOMMUNE**

Den grønne kulturbygda

Opplysningsplikt

Opplysningsplikta til barneverntenesta er todelt. Det vil seie at tilsette i dei ulike tenestene har plikt til å gi opplysninger til barneverntenesta utan hinder av teieplikta. Tilsette har i tillegg plikt til å svare om barneverntenesta ber om opplysninger.

Opplysningsplikt opplæringslova: [Tilsette i skulen](#)

Opplysningsplikt barnehagelova: [Tilsette i barnehage](#)

Opplysningsplikt helsepersonell: [Tilsette i helsetenester](#)